

*Denne artikkelen er skriven av Brynjulv Gjerdåker
og har stått på trykk i Gamalt frå Voss for 2015*

Bondelagsstemner i mellomkrigstida - med serskilt fokus på mønstringa på Voss i 1939

I Norges Bondelag var det ein lang tradisjon at styre, representantskap og medlemer sette kvarandre stemne kvar sumar i eit arrangement over fem dagar. Dei tre fyrste, onsdag til fredag, var årsmøtedagar, vigde til landsstyre-, representantskaps- og delegertforhandlingar. Dei to siste, laurdag og sundag, var *landsmøtedagar*, der medlemer frå alle kantar av landet deltok i ei stormønstring med eit variert kulturprogram. Av praktiske årsaker hadde alle dei tidlegare samlingane vorte arrangerte i ein av byane, seinast i 1938 i Oslo. Landsmøtet i juni 1939 var det aller fyrste i ei bygd. Av alle norske bygder vart Voss vald som arrangørstad.

I framhaldet skal me for det fyrste sjå nærare på nokre viktige utviklingstrekk i bonderørsla, som Bondelaget var ein vesentleg del av, frå 1910-åra til utgangen av mellomkrigstida. På dette underlaget set me så søkjelyset på landsmøta i Bondelaget, fyrst og fremst som kulturhendingar gjennom om lag tjue år, med Voss i 1939 som endepunkt: Det skal handla om den politiske og ideologiske profilen ved desse årvisse tilstelningane og om nokre sentrale aktørar som framføre andre sette sine stempel på arrangementa. Deretter kjem landsmøtet i 1939 i fokus - fyrst ein bolk med nokre historiske bakgrunnstrekk for at dette stemnet vart avvikla på Voss, før sjølve stormønstringa avsluttar forteljinga.

I. Rørsla og organiseringa av henne

Norsk Landmandsforbund, forløparen til Norges Bondelag, vart skipa i 1896. Det var den fyrste riksdekkande fagorganisasjonen i landet. Alt i utgangspunktet var det skiparane, med Johan T. Landmark i brodden, sin kongstanke å samla alle bønder i det kløyvde norske bondesamfunnet under ei felles fane. Denne ambisjonen var svært krevjande og han var omstridd internt. Men i åra fram mot den fyrste verdskrigen viste det seg som ein tydeleg tendens at det vart rom i lagsrekkjene, ikkje berre for store og mellomstore bønder, men også for småbrukarar land og strand rundt. Forbundet hadde sett seg som mål å verta ei breid folkerørsla. Frametter på 1910-talet vart denne målsetjinga langt på veg til røyndom, ikkje

minst så langt galdt oppslutnad om organisasjonen: Medlemstalet auka frå vel 12.000 i 1912 til nær 70.000 i 1920.¹ Midtre og indre bygder på Vestlandet, som til dømes Voss, vart no godt representerte, mange bygder i Nord-Noreg likeins.

Kva kan forklara denne sterke veksten? Reguleringane under verdskrigen, med maksimalprisar og eksportforbod, som først og fremst råka mjølkebønder i fjord- og fjellbygder, sette tak på prisar og hemja vekst i gardsøkonomien. Like viktig i denne samanhengen var det aukande medvitet blant bønder flest om kor primær og viktig næringa var i produksjonslivet i krigsåra. Ei anna side ved dette var den skjerppte motsetnaden mellom bygd og by, mellom produsent og forbrukar, mellom arbeidar og bonde. Åndelege verdiar vart avla og odla jamsides dei materielle, nettopp ved arbeidet med jorda. Uttrykka for dette var mange. Me finn dei i Bondesongen, som presten Jonas Dahl skreiv til Landmandsforbundet i 1912, til dømes i strofer som "Første bonden var hele landets far" og "Jord du er vaar moder over alt ennu". I *Markens grøde* (1917) gjer Knut Hamsun seg til talsmann med ein tilsvarande Blut und Boden-retorikk. Vitalisme og idealisering av arbeidet med jorda finn vi også i Tarjei Vesaas sin forfattarskap, til dømes i *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935) og i Trygve Gulbrandsen sin Bjørndal-trilogi. Det var tankegods som sette mange spor i heile denne mannsalderen. Kampen til framgang for arbeidet med jorda kombinert med engasjementet for bygdeinteresser meir allment, gav Bondelaget eit preg av ei offensiv kulturrørsle med eit klårt kristent fundament gjennom heile mellomkrigstida. Leiaren for rørsla gjennom meir enn ein mannsalder, Johan E. Mellbye, var den fremste eksponenten for denne kulturidealismen.

Kompetansestrid

Denne ideologien vart med åra i stigande grad utfordra av 'mjølkepragmatismen' i bonderørsla.² Då Landmandsforbundet i 1922 vart kløyvt i Bondepartiet og Norges Bondelag, var det fyrst og fremst unge partimenn i stortingsgruppa som stod for ei nyorientering. Den økonomiske og sosiale bakgrunnen for denne vendinga var krisa i jordbruket, serleg den øydeleggjande utviklinga i matvaremarknaden frametter i tjueåra, sett frå næringa si side. Strevet for å regulera den indre konkurransen i mjølkeproduksjonen og å samla produsentane i mjølkesentralar, kom i sentrum. Arbeidet mynna ut i organisering av sentralar over heile landet frå 1930, då stortingsfleirtalet også sørgde for lovheimel for denne ordninga. Jon Sundby, ein av dei leiande 'pragmatikarane', var krumtapp i denne prosessen, medan

Mellbye, som var gruppeleiar gjennom alle tjueåra, var statist. Midtsumars i 1930, etter landsmøtet, trekte han sitt stortingskandidatur - for godt, skulle det visa seg. Autoriteten hans i gruppa hadde vore avtakande gjennom fleire år. No fann han tida inne til å ta konsekvensen av dette ved å dra seg attende og samla kreftene om arbeidet i Bondelaget. I partiet hadde fleirtalet av stortingsmennene lenge arbeidd for å retta merksemda mot det konkrete, *materielle* innhaldet i sakene. Berre såleis kunne det skapast grunnlag for forhandlingar med andre parti på eit rasjonelt grunnlag. Den sprikande partistrukturen og Bondepartiet sin styrkeposisjon i Stortinget inviterte til hestehandel og kompromiss for å tena bønders økonomiske interesser best mogeleg. I dette spelet var den høgreorienterte idealisten Mellbye på bortebane med sin uklare og uhandgripelege tale i debattinnlegg på tinget.³

Den interne kompetansestriden i bonderørsla leidde til ei avklaring i tilhøvet mellom partiet på ei side, der Sundby og hans meiningsfellar frå ulike kantar av landet hadde vunne hegemoniet, og faglaget på den andre. Bondepartiet hadde i nær ti år vore eit underbruk under Bondelaget, då det kom til ei semje om eit skarpere skilje mellom dei to i 1931. Partiet fekk no nye vedtekter, som mellom anna innebar at Bondelaget miste sine representantar i partiet sine sentralorgan. Avklaringa gav partigruppa det naudsynte grunnlaget for ei friare orientering i det partipolitiske landskapet på tinget. Utan denne er det knapt mogeleg å tenkja seg kriseforliket med Arbeiderpartiet i 1935.

Vossingar i leiinga for bonderørsla

To menn frå Voss hadde stor innverknad i denne rørsla både lokalt og nasjonalt gjennom det meste av mannsalderen fram mot den andre verdskrigen - Olav Bjørgum og Lars Eskeland.

Olav Bjørgum var ein sentral deltakar i det næringspolitiske arbeidet i bonderørsla frå omkring 1910 og vidare inn i mellomkrigsår. Blant mange verv sat han i landsstyret i Landmandsforbundet/Bondelaget i perioden 1910-1926 og han representerte Bondepartiet på Stortinget i åra 1922-1927.⁴ På innbyding frå Bjørgum vart Voss krins av Landmandsforbundet skipa i 1910, og han var sjølv krinsformann i perioden 1910-1932.⁵ Bjørgum nådde 70 års alder i 1931. Frå den tid og framover konsentrerte han innsatsen for landbruksnæringa til formannsverva i Vestlandske Salslag og i Hordaland Landbruksselskap.

Også Bjørgum hadde ideelle hugmål med det politiske strevet. På landsmøtet i Ålesund i 1915 tok han til dømes til orde for ei sidestilling av "norsk maal" med "norsk mat".⁶ Men i arbeidet sitt i Bondepartiet gjennom to bolkar på Stortinget stod han ideologisk nærare

pragmatikarane i stortingsgruppa enn idealistane i faglaget. Dessutan var han ikkje aktiv i bonderørsla i 1930-åra. Det var derimot diktaren, folkehøgskule- og norskdoms mannen Lars Eskeland.⁷

II. Landsstemnene i mellomkrigstid i ideologisk-politisk perspektiv

Ved utgangen av mellomkrigstida hadde Eskeland inspirert og samarbeidd nært med Mellbye og med andre i leiinga i bonderørsla gjennom om lag 25 år i ideologisk harmoni, ikkje minst i samband med dei årlege landsmøtesamlingane. Landsmøtet på Voss vart sluttsteinen på arbeidet hans på denne arenaen. Kva prega denne mannen sin posisjon i og innsats for bonderørsla i perioden? Fyrst nokre ord om *talaren* Eskeland.

Talaren

Om skulemannen Lars Eskeland sine rike evner som lærar, er det fortalt mykje. Talekunsten hans, ei vesentleg side ved formidlaren og læraren, kjenner me likeins frå mang ein omtale. Det heiter at Eskeland tidleg visste at det var lærar og talar han skulle verta. Alt i konfirmasjonsalderen samla han jamaldringar kring seg, tala til dei og bad dei seia ifrå kor langt røysta hans nådde. Slik øvde han målmedvite opp ei klår røyst som bar langt.⁸

Nils Hellesnes dreg fram arven etter Grundtvig: Eit åndsliv med kristendom, fedreland og målsak, tradisjon og soge i sentrum, formidla ved det *levande* ordet. Foredraget kom i fokus og det vart dyrka fram til kunst. Det gav også rom for spontanitet, improvisasjon og kjensleuttrykk i framføringa.⁹ Foredraget høyrde ikkje heime berre i skuleromet; det hadde ein sjølvgeven plass i møtesalen og på stemnepodiet. Eskeland var etterspurd til årsmøte og større festsamkomer og stemner kring om i landet. Det var slett ikkje ei øving for kven som helst å nå høgder i den retoriske kunsten. Det munnleg improviserte og appellen til kjenslene kunne falla platt til jorda for den som vanta tilstrekkeleg kunnskap, mynd og sjølvtilit. Eskeland inkarnerte desse føresetnadene høgt over gjennomsnittstalaren. "Somme har nemnt at det var noko suggererande ved han på talarstolen", fortel Aslak T. Helleve.¹⁰ "Jeg hører Lars Eskelands dype og vekkende tale", seier Alette Heyerdahl, prestefrue på Voss 1890-1898, i ei minneforteljing. Som elev på Voss Lands gymnas frå 1916 minnest Olav Dalgard "Lars på Strondi" - eit uttrykk gymnasiastar nytta - som ein lågmælt talar. Men han hadde ei distinkt røyst som alltid nådde fram og aldri verka trøytt sam.¹¹

Kva for tema var det Eskeland og andre talekunstnarar i bonderørsla målbar i denne perioden?

Innhaldet i retorikken til Eskeland og åndsbrørne hans i Bondelaget

Grundtvig-arven stod sentralt i talekunsten til Eskeland. Nasjon, kristendom, tradisjon og historie var ideologiske straumdrag som rann ihop i omgrepet 'bonden', eller helst 'den norske bonden'. Dette omgrepet var skapt av historikarar og andre intellektuelle langt tidlegare, det vil seia i tida frå den andre halvdel av 1700-talet og vidare frametter i det neste hundreåret. Det hadde både ei litterær og ei politisk fortid. No i krigs- og revolusjonsår, med eit jordbruk under press - frå tida før hundreårsskiftet hadde primærnæringa mist terreng til sekundær- og tertiærnæringar - fekk omgrepet ein oppsving i talekunsten til bondeleiarane.¹² I denne samanhengen hadde det mykje å seia at Landmandsforbundet hadde stor framgang over heile landet frametter på 1910-talet: Fram til dess kunne Norsk Landmandsforbund knapt kallast ein landsorganisasjon. Enno hadde medlemsflokket eit sterkt tyngdepunkt i breidbygdene på Austlandet. Frå andre kantar var Jæren og delar av Trøndelag tidleg med, men elles i landet var oppslutninga skrin. Denne profilen kom i endring i takt med den førnemnde sterke veksten i medlemsstokken gjennom 1910-åra.

Ideologisk var Eskeland i samklang med fleire andre i lagsleiinga og ikkje minst med leiaren sjølv, Johan E. Mellbye. Sistnemnde var dotterson til nestoren i det moderne, norske historiefaget, P. A. Munch. Liksom Munch la Mellbye og Eskeland vekt på samanhengen mellom den norske stordomstida i mellomalderen og den unge norske nasjonen i nytida. Hovudmotivet til Eskeland var å vekke til nasjonalt medvit og vektleggja bonden sin samfunnsposisjon innan rammene for det norske. Det nye Noreg frå 1814 hadde vakse fram frå bondesamfunnet og det var i desse røtene kjelda til "vår folkekraft" låg, som Mellbye uttrykte det.¹³ Ole K. Skuggevik, ein kollega til Eskeland i folkehøgskuletradisjonen, sa det slik i eit innlegg i lagsbladet i 1918:

"Menneskets urinstinkt søker til jorden, der foregaar en samvittighetens vækkelse, naar Landmandsforbundet forkynder muldens evangelium".

Ein annan 'moldevangelist' var Hans Seland frå Vest-Agder. Han var jamaldra med Lars Eskeland og ein åndsbror. I eit innlegg i Bondebladet i 1933 uttrykkjer han det slik:

"Det store spørsmålet er ikkje berre å livnæra seg, men óg å få noko ut av livet. (...). Det friborne arbeidet skulde ha si gleder i seg sjølv. Det skulde gjeva utløyning for evnor og hugleik, so mannen veks på det, so han mannast i utsyn og vidsyn. Me hev då gudskjelov enno slike yrke. Ein smed, ein snikkar

(...) kan vera kunstnar i sitt fag og kjenna gleda i sjølve arbeidet. Men jordbrukaren er fremst av alle! (...). Jordbruket er Yggdrasil-brunnen. Men då gjeld det om at jordbruket fær den rang som det tilkjem!".¹⁴

Idealistane i bondelagsleiinga vende seg mot arbeidarrørsla og sosialistiske idear, mot materialisme - både den sosialistiske og den liberalistisk-kapitalistiske. Den nye storindustrien, skipsfarten og utanrikshandelen stod for landet si *ytre line*, ulikt jordbruket, som var den fremste representanten for den *indre lina*, med Mellbye sine ord. Rett nok hadde merkesmenn i industrien og "hvite seil" gjeve landet ære og makt. Men denne vinninga kunne vendast til øydeleggjing for land og folk om ein ikkje heldt den indre lina sterk og livskraftig. For det var her det kulturelle tyngdepunktet burde liggja.¹⁵

Slik Eskeland sjølv såg det, stod den *norske* bonden i ei serstode blant standsfellar internasjonalt. I talen sin til landsmøtet i Kongsvinger i 1929 er han inne på at all røynsle tilseier at ein heimleg kultur må byggjast på bøndene. I serleg grad gjeld dette Noreg og norske bønder.¹⁶ I ein samtale med Bondebladet på landsmøtet i Bergen i 1931 seier han det slik:

"No må ein kunna samla alle bønder - og til bønder må reknast alle, som arbeider med jorda og alle fiskarane. Bøndene er grunnstamma i folket og må vera det alle dagar. Det norske folket er kome for mykje inn i fabrikkane. Men folket vårt høyrer ikkje heime der! Det norske folket er eit friluftsfolk og tåler difor mindre enn andre til å stengjast inn i fabrikkane".¹⁷

For Eskeland skreid dessutan 'det norske' ut over grensene til det moderne Noreg. I tråd med det nemnde sambandet mellom høg mellomalder og samtid i visjonen hans inkluderte han også Færøyane, Island og Grønland i omgrepet 'norsk'. I talen til landsmøtet i Stavanger i 1923 gjekk han inn på nordmenns skyldnader til å stø og hjelpa fram færøyingar og islendingar i deira strid for sjølvstende. Han meinte å sjå at danskane ottast for at det frå norsk side vart arbeidd for eit nytt *politisk* samband med frendane vest i havet. Men det var ikkje det det stod om. Heller galdt det om at det sambandet Danmark enno hadde med desse folka, måtte bli til så liten skade som råd og til slutt til inkjes.

Medan Eskeland såg på Færøyane og Island som eigne broderfolk, var det annleis med Grønland. Her stod det kort og godt om eigeomsrett. Han var ikkje i tvil om kven som hadde denne retten: "Tri gonger hev me funne det, to gonger hev me kristna det. Me hev alltid ått det", hevda han.¹⁸ Eksimoane i området var ikkje inne i synsfeltet hans i denne samanhangen, men det var det knapt mange andre i samtida som reflekterte over, heller. Framover i mellomkrigstida var Eskeland ein av dei leiande talsmennene for grønlandssaka, som først og fremst vestlendingar engasjerte seg for. Det var her dei økonomiske fiske- og fangstinteressene i grønlandsområdet fanst på norsk side. Slike interesser kan ikkje knytast til Eskeland. For han og mange likesinna var denne konflikten ei symbolsak i den norske,

nasjonale striden. Saka hadde appell langt inn i den frilyndte ungdomsrørsla, liksom i bonderørsla, jamvel om det vart tydelegare med åra at striden ikkje kunne krynast med framgang.¹⁹ I denne samanhengen har det interesse at Eskeland gjennom mange år hadde vore leiar og lærar ved folkehøgskulen i bygda - nettopp blant frilyndt ungdom - og at han kom med i den organiserte bonderørsla i 1916, då han tok i mot eit verv i det nyoppnemnde ungdomsutvalet i Landmandsforbundet. I dette utvalet samarbeidde han i mange år med generalsekretær Dietrichson og nestformannen (frå 1921) Asmund Enger.

‘Moldevangeliet’, som Mellbye, Eskeland, Skuggevik, Seland med fleire tala fram med kraft og patos, vart med åra i stigande grad utfordra av ‘mjølkepragmatismen’ i bonderørsla.²⁰ Løysinga på den før nemnde interne kompetansestriden i bonderørsla, som leidde fram til semja om eit skarpare skilje mellom parti og faglag i 1931, var dei fleste på baa sider nøgde med. Eskeland var blant dei. I eit intervju med Bondebladet på landsmøtet i Bergen sumaren 1931 seier han seg glad for at Bondelaget ikkje "fær noko samband med partipolitikken". Det ville bli lettare for han å arbeida for laget heretter. Mykje av kreftene sine ville han no ofra på dette ideelle strevet for folk og land.²¹

Eskeland var ein av leiarfigurane også i Fedrelandslaget. Dei rikspolitiske ambisjonane til denne høgreorienterte elitegruppa rann ut i sanden, slik grønlandssaka også gjorde.²² Eskeland konsentrerte seg frametter om skulearbeidet og innsatsen for Bondelaget. I landsmøtesamhang ser me at han heldt foredrag på møtet i Bodø i 1933, han skreiv ein omfangsrik prolog til møtet i Stavanger i 1935, han hadde ei helsing på vers til kongen, framförd på festen på Akershus under landsmøtet i Oslo i 1938 og han las fram ei velkomsthelsing til landsmøtet i heimbygda i 1939. Dessutan skreiv han fleire historiske spel, til dømes til feststemnesundagen på Tvildemoen den 11. juni 1939.

Både Eskeland og Seland runda 70 år i 1937, og ved dette høvet vart dei varmt hylla. Om Eskeland les me i Bondebladet m.a. desse orda:

"Takk for truge vakthald for Noregs rett utetter, for framifrå arbeid for uppseding av norsk bondeungdom, for varm hug og store lyft for den kulturelle bondereising, for norsk mål, sed og skikk, for arbeidet i Norges Bondelag. (...). Kjære Eskeland, du har i ditt livsyrke makta å samla alt det gode i norsk bondekultur og bondereising til ein heilstøypt einskap. (...)"²³

Sluttmerknader om idealismen i bonderørsla i mellomkrigstida

‘Agrarnasjonalisme’ er omgrepet på eit sentralt straumdrag i bonderørsla frå 1910-åra og frametter. I ei brytingstid vart ‘den norske bonden’ ein ideologisk krumtapp i den rikspolitiske striden. Sume - om ikkje alle - vil finna uttrykket ‘reaksjonær’ høveleg om denne bondelagsidealismen. I samtida vart denne karakteristikken nytta av motstandarar på den

politiske venstresida. Det er langt mindre kontroversielt å omtala han som romantiserande og antimoderne: Hovudperspektivet var attovervendt. Inspirasjon og politisk kraft kom ikkje minst frå det gamle bondesamfunnet og frå norsk stordomstid i mellomalderen. Det vart mobilisert mot tankegods og politiske krefter som brøytte seg fram i samtida, fyrst og fremst mot marxisme og sosialisme, men også den etablerte økonomiske liberalismen.

Med kløyvinga i Bondepartiet og Norges Bondelag i 1922 vart eit skisma mellom idealistar og pragmatikarar synleg, i sterkare grad etter kvart som den agrarøkonomiske krisa eskalerte frametter på tjuetalet. Noko forenkla kan ein seia at materialistisk orienterte pragmatikarar feste eit politisk grep i partiet og stortingsgruppa, medan idealistane hadde hegemoniet i faglaget både før og etter det skarpare skiljet mellom dei to vart etablert i 1931.

Eskeland var ein av dei leiande representantane for bondeidealismen i heile mellomkrigstida, gjennom både mot- og medgangstider. Det er i denne samanhengen interessant at Bondelaget fekk ein ny, sterk framgang både nasjonalt og på Vestlandet i den siste delen av trettiåra, fram til krigsutbrotet. Frå og med 1937 til 1940 slutta i alt 12.000 nye medlemmer seg til.²⁴ Så ulike krinsar som Hardanger og Sunnmøre fekk båe ein kontingentauke på om lag 40% frå 1937 til 1938.²⁵ Idealismen var altså ikkje eit hinder for mobilisering og oppslutnad om Bondelaget enno. På den andre sida var ikkje den materielle sida ved bondeliv og -næring ute av synsfeltet, så det også er sagt. Kampen for jamstelling, den næringsøkonomiske interesseorienteringa, er ein tråd gjennom lagshistoria, jamvel om bonden som kulturberar, eller "åndssida i bondereisingi", som Eskeland sa det, fekk ein framskoten plass i Bondelaget sin eigenpresentasjon i desse åra.

III. Landsmøtet på Voss i 1939

Medan Eskeland var sentral på den kulturpolitiske sida i bonderørsla gjennom heile perioden, engasjerte Bjørgum seg i større mon for nærings- og partipolitikken. Begge gjorde sitt til å aktualisera Voss som landsmøtearrangør. Kva andre grunnar var det til at bygda kom i fremste rekkje blant potensielle vertabygder?

Vestanfjells kom den før nemnde veksten i Landmandsforbundet i 1910-åra i størst mon i dei indre fjordbygdene, der jordbruket stod sterkast. I Hordaland var Hardanger og Voss dei fremste krinsane, båe med om lag 1.000 medlemmer alt under den fyrste verdskrigen.²⁶ Oversyn over innbetalt kontingent frå krinsane syner at det frå Voss krins kom inn 936 kroner i 1918, 1.676 i 1919 og 3.153 kroner i 1920. Desse tala fortel mykje om

tempoet i medlemsveksten ved utgangen av dette tiåret. Beløpet i det sistnemnde året var faktisk så høgt som 1/6 (17.5%) av det samla beløpet frå alle dei 15 bondelagskrinsane i Bjørgvin bispedøme, som inkluderte Sunnmøre av det nørdeste vestlandsfylket.²⁷

Tilslutninga til Norges Bondelag gjekk attende på breid front i 1920-åra, før medlemstalet svinga oppover att på 1930-talet. Voss krins stod heile tida i fremste rekkje i den større vestlandsregionen, og dette tyngdepunktet gav bygda ein føremon som arrangementskandidat i vest. Med dei mange mobiliseringsklare medlemene kunne oppgåvene som følgde med førebuing og gjennomføring av ei storstemne som denne, betre handterast her enn i dei fleste andre bygder. Krinslaget hadde sendt søknader til sentralleiinga om å få stå for landsmøtetilskipinga fleire år tidlegare. No hadde det fått tilslaget og det galdt om å visa seg

tilliten verdig. Som det heitte i lokalavisa *Horda Tidend* den 18. jan. 1939:

"Det gjeld difor no om at bygdi kan taka imot stemna på ein ærefull måte. Det vert sett yverlag store krav til folket i bygdi denne gongen. Men kravi er ikkje større, enn dei kan fyllast, naar alle gjer sin skyldnad".

Også logistisk - når det galdt organisering og tilrettelegging av forsynings-, innkvarterings- og transporttenester - låg det betre til rette på Voss enn i vestlandsbygder flest. Mange tusen kom frå nært og fjernt til landsmøta, slik også til dette i 1939. For at delegatar og andre deltakarar som kom langveges ifrå, skulle kunna ta tur og retur utan for store kostnader og for stort tidsspille, galdt det om at samferdsletilhøva og transportvilkåra la til rette for det. Med Vossebanen (frå 1883) og, serleg, Bergensbanen (frå 1909) tok bygda steget ut av isolasjon i samferdslesamanheng både i eigen region og mellom landsdelar. Bygda vart eit trafikknutepunkt i vest. I 1935 vart det dessutan opna togsamband mellom Granvin og Voss, som knytte togtrafikk til rutebåtnettet på Hardangerfjorden. Det var nettop tog og rutebåtar og lenkjene mellom dei to som skulle bli hovudtransportssystemet til og frå møtestaden: Båt til Bergen nord- og sørfrå, overgang til tog til Voss med retur same vegen attende vart rutevegar for dei mange vestan- og nordanfrå. Tog austfrå, likeins med retur etter avslutninga på landsmøtet, vart reisevegen for fleirtalet av austlendingar.

Voss var også utrusta med hotell i eit omfang som bygder flest vanta: På Vossevangen var det fire hotell med ein kapasitet på i alt 210 sengeplassar, ifølgje den offentlege bedriftsteljinga i 1936. Nær Bulken jernbanestasjon, 10 km frå Vangen, låg Liland hotell med 50 sengeplassar.²⁸ I vossabygdene (med Evanger og Vossestrand) var det i alt 28 hotell og restaurantar/kaféar.²⁹ Nokre mindre pensjonat spelte ei lita rolle i denne samanhengen. Den

samla hotellkapasiteten var sjølvstarkt utstrekkeleg til å hysa dei fleire tusen tilreisande. Men han var viktig for å kunna innkvartera leiarskapen i Bondelaget, æresmedlemer og serskilt inviterte gjester. For å tilfredsstilla matbehovet til flokkane med tilreisande var dei mange serveringsstadene nær sagt ein føresetnad for avviklinga av stemna. For det mindretalet som ville ta turen til landsmøtet i buss eller privatbil og gjerne bu i telt, vart det etablert ein campingplass nær stemneplassen på prestegardslandet. Det store fleirtalet av gjestene måtte likevel innkvarterast privat.

Tilretteleggjinga

Stormønstringa i juni 1939 kravde grundig førebuing for at avviklinga skulle gå så knirkefritt som råd. I tråd med mange års røynsle sette Norges Bondelag i oktober 1938 ned nemndene som skulle førebu landsmøtet - etter innspel på deltakarar frå krinslaget på Voss. Eit rundskriv til krinsane vart ferda ut, med opplysning om nemndsstrukturen og namn på dei som skulle vera med. Under hovudnemnda på 9 personar, leia av Lars Eskeland, følgde 6 nemnder, kvar på mellom 9 og 21 medlemer, dei aller fleste frå vossebygdene: Ei nemnd fekk ansvaret for festtilskiping, ei anna for presse og informasjon, vidare ei for utferder, for plass og dekorasjon, for innkvartering og ei for matstell. I brodden for kvar nemnd var ein formann og ein nestformann. Alt i alt var 89 medlemer oppnemnde for å leggja til rette for tilskipinga på ulike måtar.

Innkvarterings- og matforsyningsoppgåvene var krevjande. Alt i utgangspunktet var det klart at majoriteten av gjestene måtte hysast privat, for ein større del hjå bønder, kolleger i standet. Men med mange tusen tilreisande vart innkvartering hjå andre private naudsynt. Såleis var det følgjerett at tilskipinga vart presentert i lokalpressa som ei sak for *heile bygda*, ikkje berre for bøndene. Hovudnemnda kalla inn til fleire førebuande møte; eitt av dei var den 4. mai i Nain. Her ville Lars Eskeland greia ut om stemna og gje råd og rettleiingar. "Serleg gjeld det vangsfolket denne gongen. Møt godt fram!" lydde appellen.³⁰

Den 31. mai skriv Horda Tidend at førearbeidet med innkvarteringa hadde gått etter planen. Komiteen kunne melda at det var rikeleg med rom og senger til kor mange som enn melde seg til stemna. For å gje flest mogeleg høve, vart innmeldingsfristen utsett frå 27. mai til 3. juni.

Det var ikkje sjølvgeve at alle vertsfamiliar skulle halda gjestene sine med mat. I eit inserat i Horda Tidend den 3. juni appellerte derfor leiarane i matnemnda til alle som kunne, om å servera frukost til sine gjester. Dei som ikkje hadde høve til det, måtte gje rettleiing om

kvar mat var å få kjøpt: Det ville bli servert i Nain, Vonheim, Ungdomshallen, Godtemplarhallen og på folkehøgskulen, forutan på hotella og kaféane. Størst vanske rekna ein med at middagsforsyninga på sundagen ville valda - med den tilstrøyminga som var venta. Matnemnda bad derfor om at alle vertsfolk strekte seg langt for at gjestene kunne få middag den dagen.³¹

For hovudnemnda og festtilskipingsnemnda var det mange innslag å førebu. Den mest krevjande einskildoppgåva var kanskje det ridande vossebrudlaupet sundag. Det vart sagt å vera om lag 50 år sidan det førre gongen kom eit festkledd ridande fylgje inn på Vangen. Enno mot slutten av 1800-talet kunne det vera 5-6 slike brudlaup på éin laurdag - frå ulike kantar av bygda.³² Men det var ei tid sidan. No galdt det om å skaffa fram naudsynt utstyr og nya oppatt tidlegare kompetanse - ikkje minst galdt dette kunnige fyreridarar. Arrangørane kalla inn til eit siste førebuande møte i Ungdomshallen sundag 4. juni, for å få så mange som mogeleg av deltakarane i tale. Ein serleg omtanke hadde ein dessutan for dei skautalause gjentene, som trong instruksjon om korleis håret skulle setjast opp. Dessutan mangla ein framleis nokre tverrsalar. Dei som hadde slike salar, vart bedne om å sjå over dei og levera dei snarast i Hallen til utlån festsundagen.³³

Medan nemndene arbeidde med den lokale logistikken, tok sekretariatet i Bondelaget sentralt seg av mange oppgåver i førebuinga. Ei av desse var tingingar med mange dampskipsselskap om moderasjon på billettprisane og med NSB om både prisrabattar og ekstratog. Med dei mange rutebåtselskapa fekk ein tilbod om rabatt på 1. klasse med 50% og på 3. klasse med 25% *ein* veg, det vil seia til turen fram til stemna, men ikkje til returreisa. Frå NSB kom tilbod om 20% avslag på normal billettpris begge vegar. Mot at Bondelaget stilte ein garanti på kr. 1.445,-, ville NSB setja opp eit ekstratog Gulsvik-Voss-retur med tredjeklasses vogner sundag 11. juni, med avgang frå Gulsvik grytidleg om morgonen og framkomst før middag. Returen skulle starta kl. 22.35. Tilbodet for reisa med dette toget var 50% prisrabatt, eller enkeltbillets pris begge vegar. Det skulle også setjast opp ekstratog lokalt tur-retur - på Granvin-banen, på hovudbanen Reimegrend-Voss og Dale-Voss, på festsundagen dessutan eit ekstratog Bergen-Voss.

Omsynet til mediedekning av stemna vart sjølv sagt ikkje forsømt. Det vart gjort avtale med NRK om direktesending av opninga av landsmøtet laurdag 10. juni - frå kl. 10.00 til 11.15. Til opninga hadde divisjonsmusikken i Bergen sagt seg villig til å delta. Ein stor del av hendingane laurdag og sundag vart filma. Frå sekretariatet i Oslo vart det mint om at sjøflyet med avisa Nationen sine folk som skulle landa på Vangsvatnet, var mellom innslaga som skulle med på celluloid. Eigne presseorgan - Bondebladet og Nationen - var sjølvgejevne

rapportørar frå stemna. Men det var dessutan ein føremon om fleire riksaviser hadde representantar til stades. Brev med appellar om å senda ein medarbeidar, gjekk til ut fleire. Aftenposten og Tidens Tegn var blant dei som kom og presenterte stemna, fyrst og fremst mønstringane sundag, i fylldige reportasjar.

Det store møteteltet skulle reisast på prestegardslandet til fredag 9. juni. Denne oppgåva vart seglmakar C. J. Knudsen i Bergen leigd inn til å leia. Han trong 12 mann til hjelp med reisinga. Arrangørane på Voss vart bedne om å stå til teneste med dette og dessutan med å skaffa to vaktmenn som skulle avløysa kvarandre så lenge teltet stod.

Hovudnemnda på Voss ville gjerne skipa til eit barnetog under landsmøtet og la denne idéen fram for arbeidsutvalet i Norges Bondelag. Her møtte framlegget avslag, med den grunngevinga at eit slikt innslag kunne mistolkast som ein demonstrasjon, såleis at mindreårige vart nytta som ein reiskap i den politiske striden. Slik var det ikkje meint, men nemnda bøygde likevel av og skrinla innslaget.

Gjennomføringa

Årsmøtet tok til med *landsstyremøte* onsdag 7. juni. Det vart halde på Voss Folkehøgskule, og om lag 50 personar deltok. Tema til orientering og drøfting var nye lover for lokallag og krinsar, om skogsdrift og tømmeravverking og om fiskerinæringa. Det sistnemnde, som internt gjerne vart omtala som 'kystproblemet', hadde gjennom mange år handla om det tunge arbeidet med medlemsrekruttering blant fiskarbondbefolkninga. Innleiarar var Tora Hægstad, Ole Rømer Sandberg og Johs. Haktorsen. På ettermiddagen var landsstyret Voss herad sine gjester på ein kort rundtur i bygda. Mellom stoppestadene var Fjose, der treskurden til Styrk Fjose var ein attraksjon for gjestene, og museumssamlingane på Mølster. Med gjester og vertskap var i alt om lag 80 personar samla til festmåltid på Fleischers hotell om kvelden. Talarlista var lang.

Neste dag var det tid for *representantskapsmøte* - også på folkehøgskulen. Arbeidet i jamstillingsnemnda, ved Jon Leirfall, og ei utgreiing om maktmidlar i organisasjonen, ved Odd Fladstad, var dei større sakene på dagsordenen. Om kvelden vart det duka til festmåltid på langbord i gymnastikksalen for om lag 300 personar, med rjomegraut, dravle og kling, spekekjøtt og flatbrød på menyen. Hornmusikken og Fossegrimen underheldt etter tur. Lars Eskeland ynskte velkomen. I helsingstalen sin frå bygda overleverte Olav Bjørgum gåva til Norges Bondelag frå vossingane - ei valurne av kopar, teikna av Magnus Dagestad og smidd ved Voss Kunsthandverksskule. Det fylgde deretter personlege gåver frå Voss

Bondekvinnelag til leiarane Mellbye og Dietrichson og konene deira, som vart gjorde ære på med eit åkle til kvart par. Lars Eskeland bar fram det eine, Anna Bjørgum det andre, og dei fekk høgstemte takketalar til svar.

Fredag 9. juni var det tid for *delegertmøte*. Det vart avvikla i møteteltet på prestegardslandet. Arbeidet i jamstillingsnemnda stod på møtekartet også denne dagen, med Jon Leirfall som innleiar. I eit framlegg som vart vedteke samrøystes heiter det mellom anna: "Norges Bondelag ser det som ei hovudoppgåve å få gjennomført full jamstelling i arbeidsinntekt mellom jordbruk, skogbruk og fiske på den eine sida og industri på den andre sida". Slik definert var arbeidet for jamstelling i Bondelaget ei lang line som vart ført vidare etter den andre verdskrigen. På programmet stod vidare eit innlegg til debatt om endringar i organisasjonsstrukturen for å styrkja arbeidet i lokallaga. Odd Fladstad innleidde. Deretter fylgde eit innlegg "By og land" ved Henrik Ameln med etterfølgjande diskusjon. Orienteringar frå kvinne- og ungdomslaga og frå opplysningsnemnda var dei siste postane på dagsordenen.

Laurdag 10. juni var det så tid for det opne *landsmøtet* - den første dagen med festsamling i møteteltet, den andre, søndag 11. juni, med den store folkefesten på Tvildemoen. Lars Eskeland hadde lova at det skulle vera ei kulturstemne, og det vart det, heiter det i Bondebladet sitt referat.

Inn her: Programmet dei to dagane i facsimile - trykt t.d. i Horda Tidend 7. juni, s. 8

Etter prologen ved Lars Eskeland, framført i "djupt alvor" ved opninga laurdag 10. juni,³⁴ fylgde formannen sin tale til landsmøtet. Den danske forfattaren Jørgen Bukdahl kåserte deretter om "Vor tids kultur", før kolleger frå grannelanda helste landsmøtet. Landbruksskulestyrar Joh. L. Lofthus heldt så eit foredrag om vestlandsk landbruk, før sekretær Arne Eskeland i Selskapet for Norges Vel orienterte om lønsemd i og - enda ein gong - jamstelling for bondenæringa. Sekretær Bjarne Hovde tala deretter om "kystproblemet". Orienteringar om omsetningsorganisasjonane i landbruket og om byggjearbeid i bygdene var også på programmet.

Som det framgår, var mange landbruksøkonomiske og næringspolitiske spørsmål på agendaen, ikkje berre dei tre innleiande dagane, framføre landsmøtet, men også den fyrste landsmøtedagen. Programmet på dei fire første møtedagane på Voss stadfester såleis at Bondelaget stod fram både som ei breitt utbygd kulturrørsle og som ein nærings- og interesseorganisasjon: Det dynamiske og ekspansive hovudelementet i laget var samlinga om økonomiske interessekrav, medan dyrkinga av bonde- og bygdekulturen skapte eit sams

verdigrunnlag.³⁵ Me skal sjå i fleire detaljar på kva uttrykk det sistnemnde fekk frametter laurdag og sundag under landsmøtet.

I god tid før opningstid kl. 20 laurdagskvelden var møteteltet fylt. I gangar og utgangar stod folk tett i tett. For å gje plass til flest mogeleg av alle som ville sjå og høyra, vart ein teltvegg fjerna. I alt var kring 6.000 samla i og utanfor teltet. Generalsekretær Dietrichson heldt festtalen og tok sterkt til orde for idealisme i bonderørsla. Dale hornmusikk og mannskor stod for musikalske innslag. Det gjorde også Voss blandakor, som mellom anna framførde vossasongen av Lars Eskeland og Kristoffer Kleive. Stor jubel vekte jonsokbrudlaupet - med i alt 30 jenter og gitar i opptoget. Det unge brureparet kom fremst, fylgjet marsjerte rundt scenen og synte så fram nokre folkeviseleikar.

Fredag hadde det ausregna og vêret hadde vore ustadigt mest heile laurdagen. Men utpå kvelden letna det, slik at avslutninga på festkvelden, med bål på Vangsvatnet og på høgder over vatnet, vart vellukka. Festlyden hadde då flytt over til jarnbanestasjonsområdet, der "Gud signe vårt dyre fedreland" runda av programmet.

Sundagen kom med klår himmel og drag frå nord. Sterk varme var det ikkje, men det var inga stor ulempe, serleg ikkje for dei bunadskledde kvinnene. "Dagen begynte med 6 ekstratog fra øst og vest. Busser og biler durte inn fra alle kanter og parkerte på alle ledige plasser. Til slutt var Vossevangen som en maurtue", melde Aftenposten.³⁶ Etter festgudstenesta på føremiddagen, ved biskop Fleischer og sokneprest Berge, var det snart tid for det store bondetoget, med start kl. 15. Folkesamlinga på Vangen ved middagstider sprengde alle tidlegare rekordar og talde 16.000-20.000 menneske. I toget var 8.000-10.000 deltakarar. Dei fyrste var komne opp på Tvildemoen før dei siste toga ut fra Idrottsplassen. Det tok over ein time frå dei fyrste til dei siste nådde Tvildemoen. Det var makelaust feststemt: Så mange ulike nasjonaldrakter hadde aldri vore å sjå på noka stemne i landet tidlegare. Etter divisjonsmusikken, fanebærarane, landstyret og nokre prominente gjester, blant desse biskopen og general Steffens, fylgde ei flaggborg med 10 jenter og 10 gitar i vossabunad. Deretter kom representantar for fylke etter fylke under sine fylkes- og krinsmerke. Krinsane Voss og Hardanger gjekk fyrst. "Dei mange flaggborgene gjorde seg godt. Det var 16 vossakoner i skaut, 16 hardingkoner i skaut, 8 hardinggjenter og 8 gitar i bunad og 50 smågjenter med flagg", melde Horda Tidend.³⁷ Framkomne tok banner- og flaggberarane oppstilling ved scenesidene og eit par flaggborger på på sjølv scenen. Der stod dei til prydnad under opnings- og velkomsttalane til ei forsamling på 12.000-14.000 menneske. Mellbye heldt opningstalen og ordførar Hjelle helste alle velkomne på bygda sine vegner. Det fylgde talar av general Steffens, av O. Vik, som helste frå bygdelaga i Bergen og

av leiaren i Bondelaget si ungdomsfylking, Per Jæger Leirvik. Agnes Kvåle bar deretter fram helsing frå ei gruppe bondekviner i Hordaland. Denne gruppa song deretter "Mor" av Lars Eskeland - der innleiingsstrofene lyder

Mor, mor!
Kom det på tunga eit fagrare ord?
Finst det ein barm
meir trugen og varm
enn din, du mor?

For Tidens Tegn sin referent var det eit barn som stod for høgdepunktet på programmet. Det var 12-årige Guro Grimastad som helste landsmøtet og formannen Mellbye serskilt med ein tale på dialekt og vers. Til avslutning la ho ein laurbærkrans om akslene hans. "Hun stod som hjemmenes representant", meinte referenten, som hadde høyrte både general Steffens og ungdomsfylkingsleiar Jæger Leirvik tala varmt om vern om heimen, om sjølve grunnlaget for den menneskelege fellesskapen.

Etter talane fylgde dei historiske tablåa, skrivne av Lars Eskeland og sette i scene av skodespelar Ingjald Håland, med vossingen Alv Hjørnevik i ei hovudrolle. Deretter fekk den store møtelyden oppleva det mykje førehandsomtala ridande vossabrudlaup, som mange hadde forventningar til. I fylgjet mønstra om lag 80 deltakarar og like mange hestar. Fyreridarane kunne som dei skulle og heile opptoget var staseleg. Referenten til Bondebladet tykte dette var toppen på kransekaka denne festsundagen.

Til avslutning og etter landsmøtet møtte arrangørane vellæte frå mange kantar. Horda Tidend refererte frå fleire aviser, der superlativa kom som perler på snor. Formann og sekretær i hovudnemnda, Lars Eskeland og Olav Bryn, visste å takka dei mange som hadde gjort sitt til at heile arrangementet vart gjennomført med stil. I eit inserat i Horda Tidend 17. juni sa dei det mellom anna slik:

"Det synt seg snart at me hadde rett til å ha god von. For heile Voss, Vangen og alle åttungane, kvar grend og kvar gard, stod saman for å gjera alt som gjerande var til å ta mot møtet på beste måten, med eit samhelde og ein godhug som ingen av oss hev set maken til. Me hadde trutt godt og venta mykje, men so mykje som det vart, hadde me aldri vona".

Dei forsømde heller ikkje innsatsen frå dei andre vossabygdene, Vossestrand og Evanger, og grannebygdene Granvin og Ulvik, i takkhelsinga.

Epilog

Landsmøtet på Voss skulle bli det siste på seks år: Verdskrigen braut ut knapt tre månader etter og før 10 månader hadde gått, nådde krigen også Noreg. Stemna skulle også bli den siste i den gamle bondelagsleiinga sin regi. Mellbye og generalsekretæren Wilhelm Dietrichson var rett nok aldersstigne baa. Men uansett alder ville korta ha vorte delte ut på nytt, slik dei også vart i det statsberande Arbeidarpartiet. Ei ny tid, som hadde vore i emning frå mellomkrigsåra, gav seg til kjenne som *industrimodernisme* under gerhardsensregimet etter krigen. Strategien for primærnæringane jordbruk og fiske vart no styrt av omsynet til utviklingsvilkåra for den nye industrien. Innanfor desse rammene var det ikkje rom for dei høge hugmåla som den gamle bondelagsleiinga knytte til bondeheimen og denne heimen si sentrale rolle i det norske samfunnet.

Ei ny leiing flytte inn på lagskontora då Bondelaget vart atterreist sumaren 1945. I samspel med styresmaktene, i første hand i dei to regjeringsoppnemnde komiteane Rasjonaliseringskomiteen og Jamstillingskomiteen, baa for jordbruket og nedsette i 1946, vart leia for næringa staka ut. Bondelaget var på line med staten i spørsmålet om strukturrasjonalisering, det vil i hovudsak seia vegen mot færre og større bruk. I jamstillingsspørsmålet var det derimot meir konfliktfylt mellom dei to partane. I alle fall kom det tidlegare delte tyngdepunktet i bonderørsla - det eine med feste i kulturspørsmål, det andre i produksjon og økonomi - i endring. Dette skjedde ikkje over natta. Etableringa av Bondelagets Folkehøgskole i 1950 var eit av fleire uttrykk for at sameksistensen mellom næringsorientering og ånd og idealitet, som det vart sagt, framleis vart halden i live. Og landsmøta som kulturhendingar over to dagar vart haldne ved lag enno i om lag 15 år - fram til denne tradisjonelle skipnaden rann heilt ut i 1963.³⁸

Notar:

- ¹ Rovde 1995: 91, 148-149
- ² Ohman Nielsen 2001: 138
- ³ sst.: 142f
- ⁴ sst: 162, 163, 177
- ⁵ Forutan vossabygdene omfata Voss krins også herada Bruvik og Hosanger (Osterøy) og Modalen.
- ⁶ Rovde 1995: 158
- ⁷ Lars Eskeland (1867-1942) fekk utdanning ved Sunnhordland amtsskule og Stord seminarium, der han tok eksamen i 1886. Etter lærargjerning privat og ved ulike skular gjennom fleire år kom han til Voss i 1895, der han skipa Voss folkehøgskule saman med Olaus Alvestad. Frå 1898 dreiv han skulen åleine. Målet med skulen var å "gjeva turvande kunnskap og oppøving" og "vekkja og nøra eit kristelegt og heimlegt liv", slik han sjølv uttrykte det i 1914. (Norsk Biografisk Leksikon - https://nbl.snl.no/Lars_Eskeland)
- ⁸ Høyland 1973: 204ff
- ⁹ Hellesnes i Gamalt frå Voss 1970, hefte II: 25-31
- ¹⁰ Helleve, A. i Norsk biografisk leksikon - (nettadr.)
- ¹¹ Dalgard 1973: 39
- ¹² Ohman Nielsen 2001:36ff
- ¹³ Rovde 1995: 335
- ¹⁴ Bondebladet 15. mars 1933
- ¹⁵ Mellbye i tale ved bygdemøta 7. feb. 1925 (prent Oslo 1925, Norges Bondelags arkiv)
- ¹⁶ Bondebladet 15. juni 1929
- ¹⁷ sst. 15. juli 1931
- ¹⁸ <http://virksommeord.uib.no/taler?id=70>
- ¹⁹ Rovde 1995: 236, 316
- ²⁰ Ohman Nielsen 2001: 138
- ²¹ Bondebladet 15. juli 1931
- ²² Endeleg punktum for Fedrelandslaget kom med valnederlaget i 1936
- ²³ Bondebladet 15. mars 1937
- ²⁴ Rovde 1995: 361
- ²⁵ Bondebladet 15. feb. 1939
- ²⁶ Rovde 1995: 190ff.
- ²⁷ Norsk Landmandsforbunds organisasjon 1921: 12. (Norges Bondelags arkiv, serie Ac - Årsmeldingar. Riksarkivet)
- ²⁸ Statistisk Sentralbyrå, Bedriftstelling 9. okt. 1936, l.nr. 228-230 (Riksarkivet)
- ²⁹ SSB NOS IX 164, Oslo 1939
- ³⁰ Horda Tidend 3. mai 1939
- ³¹ Horda Tidend 3. juni 1939
- ³² Signaturen A. U. (Anders Ullestad) i Hordaland 6. mai 1939
- ³³ Hordaland 3. juni 1939
- ³⁴ Bondebladet 15. juni 1939
- ³⁵ Rovde 1995: 373. - At Norges Bondelag i 1922 vart skipa som ein 'livssynsorganisasjon' (sjå <http://nn.wikipedia.org/wiki/Livssynslina>) er ei overdrivi spissformulering
- ³⁶ Aftenposten 12. juni 1939, s. 1
- ³⁷ Horda Tidend 14. juni 1939, s. 15
- ³⁸ Gjerdåker 1995: 124